



# ÅRSMELDING 2019

---

## ÅRSMELDING IL JOTUN Symjegruppa for perioden 1. januar til 31. desember 2019

---

### PÅ VEG MOT HUNDRE!



---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## 1. Styret si samansetjing

- Leiar Ingeborg Hjelle
- Styremedlem Endre Røyrvik
- Kasserar Tor Arne Fagerli
- Styremedlem Janne Jevnaker

## 2. Grupper – utval - komitear – representasjon

- Tomine Jevnaker har sete i Ungdomsutvalet i Jotun IL
- Ingeborg Hjelle har vore kontaktperson mot Allidrett
- Ingeborg Hjelle har sete i Sportsutvalet

## 3. Møter

- 1 årsmøte.
- 4 styremøte, 2 foreldremøter, trenarmøte i samband med symjeopplæring på skulen.
- Arbeid med Årdalsstemne, kretsstemne i friluftsbadet. Dessverre vart dette avlyst, på grunn av dårleg påmelding (kollisjon med Lærum-cup). Me bestemte då å arrangere eit innandørsstemne i Årdalshallen rett etter nyttår (første ledige helg).
- Tur til Lustrabadet.
- Dugnadar; vask av symjebasseng, lynlotteri, symjeopplæring i løpet av våren til elevar frå 3. -7. klasse i samarbeid med Farnes Skule (10 av våre symjarar var instruktørar), symjeglade (symjeopplæring/tilvenjing) til ca. 70 flykningar frå Vang mottak i regi av UDI i løpet av sommaren, TV-innsamlingsaksjonen 2019.
- Møter i hovudstyret.
- Møter i Symjekrinsen.
- Treningar : Symjegruppa har arrangert fire treningar i veka der den eine er for aldersgruppa 9 år til 11 år. Det har vore 5-20 aktive på kvar trening. I sommar hadde me tilbod om frivillege treningar i utebassenget (1-2 i veka).
- Symjegruppa har stilt trenarar på Allidretten til 3. og 4. klasse. 17 4-klassingar tok symjekkappane selen og 25 m i mars.
- Symjegruppa har vore representert på oppstartsløp i Førde og sommarleir i Farsø i Danmark i regi av Symjekrinsen.
- Symjegruppa har stilt med kretsdommarar på stemner i fylket vårt.
- Ingeborg Hjelle deltok på årets trenar- og leiarkonferanse i regi av Norges Svømmeforbund, 6-8 september på Gardermoen.
- Ingeborg Hjelle og Jostein Lidal representerte Sogn og Fjordane Symjekrins på Idrettstinget ved samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland idrettskrins til Vestland.
- Deltaking på informasjonsmøte, handlingsplan reint idrettslag.
- Kurt Jevnaker deltok på møte mellom Årdal kommune, Kompetansesenteret rus vest Bergen og 3. sektor om å jobbe for barn og unge, og deira familiar, og sikre best mogleg oppvekstvilkår.



#### 4. Saker

- Planla kretsstemne i friluftsbadet, seinare planla kretsstemne i Årdalshallen.
- Arrangerte tur til Lustrabadet.
- Planla treningsamling både for dei vidarekomne og for breidda av symjarar i Sogn og Fjordane i samarbeid med Symjegrinsen.
- Endring av reklame på drakter i samband med ny sponsor. Innkjøp av nye symjehetter med ny logo til alle symjarane.
- Innkjøp diverse symjeutstyr og diverse utstyr til kretsstemna.
- Dugnadar (vask symjebasseng, lynlotteri, symjeopplæring UDI, bæring av utstyr til Dagsturhytta i samband med opning av denne).
- Organisering til symjestemna me deltok på.
- Treningsamling med Moss Svømmeklubb i friluftsbassenget (neste sommar).
- Planla utdanning av fire nye instruktørar.
- Reint idrettslag.
- Organiserte trening for symjarar med funksjonshemming.
- Planla open dag i bassenget etter jul, i samarbeid med kommunen.

#### 5. Medlemstal

- Totalt 52
- 18 utøvarar mellom 9-11år
- 14 utøvarar mellom 12-16år
- 20 medlemmer 17 år og eldre

#### 6. Utdanning

- Ruth Laberg, instruktør 2
- Joakim Fagerli, livredning
- Agnete Fagerli, livredning
- Solfrid Røyrvik, livredning
- Leo Solheimslid Johansen, livredning
- Sebastian Hartwich, livredning
- Nicodem Borowiec, livredning
- Tessa Skjerven, livredning
- Marie Bjørnetun, livredning
- Wilken Hæreid, livredning

#### 7. Særforbund

- Norges Svømmeforbund



## 8. Konkurransar –Stemner – turneringar

Dato	Stemne	Deltakarar	Øvingar
10-11.03.2019	Vårduppen på Eid	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt, 14 deltok.	800, 100 og 50 m fri, 200, 100 og 50 m bryst, 50 m butter fly, 50 m rygg, 100 m ind. medley. Rekruttane i tillegg; 25 m rygg, 25 m bryst og 25 m fri. Stafett 4x100m.
02-03.06.2019	Førdesprinten	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt, 5 deltok.	200,100 og 50 m fri, 200, 100 og 50 m bryst, 100 m ind. medley, I tillegg rekrutt; 25 m fri og 25 m bryst.
10-11.11.2019	Hautstemne på Eid	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt, 5 deltok.	400, 200, 100 og 50 m fri, 200, 100 og 50 m bryst, 50 m rygg, 100 m ind. medley.
5-7..01.2019	Oppstartssamling i Førde i regi av krinsen	Tomine Jevnaker	
Veke 32.2019	Sommarsamling i Farsø, Danmark	Tomine Jevnaker og Kurt Jevnaker	

Klubben har totalt fått 12 gullmedaljar, 19 sølvmedaljar, 8 bronsemedaljar. Symjarane prøver seg på stadig nye øvingar og distansar. Det er sett mange personlege rekordar dette året!

## 9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2019 (KR) : 218 597.
- Resultat 2019 (KR) : Overskot 70 871.
- Budsjett 2020 (KR) : 12 200.
- Har motteke kr. 4000 frå Årdal Kjemiske.
- I samband med Årdalsstemnet 2019 mottok me 20000 kr. frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Då dette stemnet vart avlyst og flytta til innandørsstemne, fekk me behalde støtta.
- Årdal Kommune støttar oss med 20 000 kr til å arrangere symjestemne.
- Sogn og Fjordane Idrettskrins støttar oss med 10 000 kr for å gjennomføre breiddesamling for symjarar, som er eit nytt tilbod for å få med alle klubbane i fylket.
- Symjegruppa har ingen eigen sponsor, men motteke del av midlar frå hovudsponsorane. Gjennom Klubben har me avtale om 20 % på kjøp av symjeutstyr- og kle.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## 10. Anlegg & Utstyr

Symjegruppa trener i Årdalshallen. Bassenget er greitt. Me har enno ikkje fått vogner til bandedelarane, slik at det blir enklare å ta dei ut og rydde oppatt etter kvar trening. Me ønskte oss også eit eige rom ved bassenget der me kunne oppbevare utstyret vårt. Dette har ikkje latt seg gjere. Me opplever enno at utstyret blir brukt og dessverre øydelagt av andre.

«Sementblokka» under det minste stupebrettet gjer at me berre får brukt fire baner under innandørsstemner. Ei lita rille i denne blokka løyser dette problemet. I tillegg må startpallane ha nytt belegg. Me vonar at kommunen kan få fiksa dette i løpet av sommaren, slik at heile bassenget kan nyttast.

I år har me fått symjarar med funksjonshemmingar. Dette tykkjer me er veldig kjekt. Dei er avhengige av hjelp i garderoben. Dessverre har ikkje Årdalshallen nokon garderobar tilpassa funksjonshemma. Symjegruppa har løyst dette med å bestille ein ekstra time i hallen, slik at dei må koma før ordinær trening startar og avslutte litt før. Dette har fungert greitt, men dette er noko kommunen må ta tak i. I Symjegruppa ønskjer me at det skal vere plass til alle, og fellesskap er viktig.

Nokre av symjarane våre ønskjer å satse. Då må dei ha tilgang til bassenget. Kommunen har gått med på å leggja ut eit par baner på fredagane, som kan brukast av alle som ynskjer å symja.

Kommunen gjer sitt beste for at me ikkje får for lang pause mellom stenging innandørsbasseng og utebassenget. Likevel er dette ein uheldig pause for oss. Fleire av symjarane tar sommarferie vel tidleg. Utebassenget har fortsatt gamal og sliten duk. Fornyng av denne er blitt sett på budsjettet gong etter gong, for så og bli fjerna att. Me vonar duken blir byta snart. Under forberetingane til førre kretsstemne såg me og at ein del av utstyret, som fester langs bassengkanten, stolpar til vendeflagga, murstein rundt bassenget og anna er blitt gammalt. Avløpssystemet til utebassenget er også feilkonstruert, utan fall. Vask av bassenget blir vanskeleg når ikkje sluket tek unna vatn. I tillegg burde garderobane ute fått ein innandørs dusj. Me vonar kommunen kan ta tak i dette når duken skal bytast. Me vil takke kommunen for samarbeidet. Auka aktivitet i bassenga er eit felles mål.

Ser me framover, er fortsatt flyttbare startpallar (med knekk) noko me kunne ynskje oss. Dei kunne då brukast både inne og ute.

## 11. Oppgåver i året som kjem

- Auka rekruttering, og prøve å behalda dei eldste, både i Øvre og på Årdalstangen.
- Arrangere fleire stemner som igjen bidreg til auka rekruttering, inklusiv kretsstemne i Årdalshallen.
- Gjennomføre symjeglade med Vang asylmottak.
- Treningssamlingar i eigen regi og saman med Symjekrinsen.
- Reise på fleire stemner.
- Vidareføre oppfølging Allidretten med meir aktivitet og gjennomføre symjeknappar.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



Vår dato  
10.02.20

Side 6 av 6  
Vår referanse



Vår dato  
10.02.20

Vår referanse

Side 6 av 6

- Prøve å få kommunen til å få jobba med banevogner og reperasjonar.
- Utdanne og vidareutdanne trenarane, livreddarar og dommarar.
- Få eige rom til utstyret vårt i innebassenget.
- Innkjøp av naudsynleg symjeutstyr.
- Dugnader.
- Sportsplan.

#### 12. Eksterne verv – representasjon

- Ingeborg Hjelte, styret i Symjegruppen Sogn og Fjordane.

Tusen takk til trenarane Kurt Jevnaker, Ruth Laberg, Cecilie Brun og Anita Laberg Øvstetun for den flotte jobben dei gjer for symjarane våre! Ikkje minst takk til dei flinke symjarane våre Tomine Jevnaker, Solfrid Røyrvik og Agnete Fagerli, som frå i haust av har trent den yngste gruppa! I vår deltok ti av symjarane på symjeopplæring av elevar frå Farnes Skule. Tusen takk alle saman! Takk også til kretsdommarane som stiller for oss på stemne rundt om i fylket. Til sist, takk til alle foreldre og andre fantastiske frivillige, som stiller opp på dugnader og hjelper Symjegruppa. Ei særleg takk til Henrik Rønningen, som ordnar kontaktane med Vang mottak.  
Øvre Årdal 10.02.2020

Leiar  
Ingeborg Hjelte

Styremedlem  
Endre Røyrvik

Kasserar  
Tor Arne Fagerli

Styremedlem  
Janne Jevnaker

Postadresse  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
E-Post  
post@iljotun.no

Telefon  
Telefaks

Bank  
3730.25.00208  
Foretaksregisteret  
975 702 308

Postadresse  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
E-Post  
post@iljotun.no

Telefon  
Telefaks

Bank  
3730.25.00208  
Foretaksregisteret  
975 702 308